



Hjort frå Nes til Luster


LUSTER KOMMUNE

Avskyting og sett — hjort statistikk frå Nes til Luster

Me har også i år laga nokre små hefte om avskytinga og sett hjort dataa frå dei ulike områda. Dette heftet er laga kun for dykkar område medan det er laga ei eiga og meir heildekkande informasjonsbrosjyre om utviklinga av hjortebestanden i Luster som nok er meir informativ. Denne brosjyra vil valdeiarane få tilsendt i posten medan dei andre finn både denne og brosjyra "Hjort i Luster kommune" på heimesidene til Luster kommune under natur, vilt og fiske.


Jaktresultat 2001–2007

Avskyting Nes - Luster



Ein ser at avskytinga har teke seg jamt opp dei siste åra, og var i 2007 på 46 dyr. Kommunen tildelte 22 fleire dyr i sona i 2007 enn i 2006. Dette verkar ikkje å ha løyst ut meir enn tre ekstra fellingar.

% vis avskyting Nes - Luster



Denne figuren syner avskytingsfordelinga, fordelt på hanndyrandel og andel kalv og ungdyr i dykkar område.


Den er laga for å illustrerer korleis de ligg an i høve enkle tommelfingerreglar for hjortevaskyting.

Jamn kjønnsfordeling og 60 % kalvar og ungdyr i uttaket vert rekna

som "ideelt".

Som figuren syner har de nå ei svært fin avskyting med 59 % kalv og ungdyr i uttaket og med rundt halvparten hanndyr.

Kor mykje hjort ser de under jakta?



Den beste metoden ein har for å registrere korleis storleiken på bestanden varierer, er å sjå på kor mange dyr gjennomsnittsjegeren observerer per jakttime per år. Ein skjel mellom jakt i utmark og jakt på innmark sidan ein jamt over observerer mange gonger så mykje per jakttime på innmark som i utmark.


Slik statistikk treng svært mange observasjonar for å kunne brukast i praktisk forvaltning. Det blir dermed litt tynt å bruke sett per time til å undersøke bestandsutviklinga i ei sone isolert, men ein vil truleg likevel kunne sjå trendane så me gjer eit forsøk.

For området frå Nes til Luster verkar hjortebestanden å framleis vere i vekst. Det ligg dermed ei stor utfordring i å få stabilisert bestanden.

Kun fire av 13 vald skaut full kvote og desse var i tillegg relativt små

vald, så det er vanskeleg å sjå for seg at kun auka tildeling vil gje ynska effekt. Samanslåing til større vald hadde vore særst positivt for då kunne ein hatt mykje høgre avskyting i dei områda der det er lett å ta ut dyr. Dette gjeld til dømes på innmarka i Dalsdalen, kor kun eit (lite) vald skyt full kvote samstundes som det er svært mykje hjort i området og store beiteskader.



sett hjort bestandssamansetjing Nes - Luster



Nes—Luster har jamt over hatt noko lav kalv per kolle forhold og samstundes overvekt av hodyr i bestanden. Bestandssamansetninga i sona er påfallande lik bestandssamansetninga i området Indre Hafslø—Marifjøra. Slaktevektene i desse to områda er også like. Begge områda er hovudsakeleg vinterområde og begge har tette bestander av hjort. Ellers er det ut i frå bestandssamansetninga dei fire siste åra vanskeleg å få auge på nokre tydelege "trendar" i bestanden. Dersom det er ei utvikling på gang vil me fyrst sjå det etter nokre år.

Kor lenge er de på jakt?

Det vart i 2007 jakta i 1639 timar frå Nes til Luster og på den tida observerte de 460 dyr.



	A	B	C	I	J	K	L	M	N	O	P	Q	R	S	T	U	V	W	X	Y	Z	AA			
1	Hjort 2007																								
2	Sone		Valdur	Valdierar fanstarleg	Arealkrav	Tilsagn i alt	1,5 ár og eldre hann	Kalv	Frie	Tildelt for ár	Fellingsresultat hann					Fellingsresultat ho					Fellingsstatistikk				
71	Nes/Luster	601	Svein Døsen	750	5	0	1	4	2007	2	1	1	1	0	0	5	100%	1	4	80%	40%	1,217			
72	Nes/Luster	602	Per Høyheim	500	4	0	2	2	2007	1	0	1	1	0	1	4	100%	2	2	50%	50%	1,754			
73	Nes/Luster	603	Henry Talle	500	4	0	2	2	2007	0	0	1	1	0	1	3	75%	2	1	33%	67%	1,333			
74	Nes/Luster	604	Hans H. Urdahl	500	4	0	2	2	2007	1	1	1	0	0	1	4	100%	2	2	75%	75%	1,721			
75	Nes/Luster	605	Harald Hærnum	500	4	0	2	2	2007	0	1	0	0	0	1	2	50%	1	1	50%	100%	0,884			
76	Nes/Luster	606	Johannes Langeteig	500	11	0	4	7	2007	3	2	0	0	0	0	5	45%	0	5	100%	40%	0,904			
77	Nes/Luster	607	Kjell Bjarne Kilen	500	6	0	2	4	2007	2	0	0	1	1	1	5	83%	1	4	40%	40%	1,667			
78	Nes/Luster	609	Steinar Listou	500	5	0	1	4	2007	0	1	0	0	3	0	4	80%	0	4	25%	100%	1,551			
79	Nes/Luster	610	Ole Ødegård	500	3	0	1	2	2007	0	0	1	2	0	0	3	100%	1	2	33%	33%	1,901			
80	Nes/Luster	611	Magnar Kvam	500	9	0	3	6	2007	1	0	0	0	1	0	2	22%	0	2	50%	50%	0,436			
81	Nes/Luster	612	Reidar Fjøsne	500	11	0	4	7	2007	0	1	1	1	0	0	3	27%	1	2	67%	67%	0,524			
82	Nes/Luster	613	Håkon Fuhr	500	4	0	2	2	2007	1	0	1	1	0	0	3	75%	1	2	67%	33%	1,266			
83	Nes/Luster	614	Reidar Fjøsne	500	13	0	5	8	2007	0	1	0	0	2	0	3	23%	0	3	33%	100%	0,451			
84	Totalt Nes-Luster				83	0	31	52		11	8	7	8	7	5	46	55%	12	34	57%	59%	1,017			
85	Prosentfordeling					0%	37%	63%		24%	17%	15%	17%	15%	11%										

Til venstre finn de avskytinga for kvart vald i sona